



Knarvikgården AS Knarvikgården AS v/Øystein Vatnøy  
Postboks 43  
5902 ISDALSTØ

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 15/2773 - 15/35899

Saksbehandlar:  
Margit Rimeslåttan  
Margit.Rimeslatten@lindas.kommune.no

Dato:  
30.11.2015

## Avslutning sak - gbnr 188/75 Gjervik ytre

### Saka gjeld

Nav Lindås kontakta byggjesaksavdelinga for å få vurdert om leilegheit i kjellaren på eigedommen gnr. 188 bnr. 57 tilfredsstillar naudsynte krav etter plan- og bygningslova.

Lindås kommune var på synfaring på eigedommen 25.11.2015. Til stades på synfaringa var ved Benjamin Hicks og Margit Rimeslaatten, og du som representant for Knarvikgården AS.

Under synfaringa vart det konstatert at deler av kjellaren har vore nytta til utleige, men at bruken har opphørt. Vidare vart det bekrefta at delar av kjellaren har vore nytta til butikk. Under synfaringa vart det konstatert at også dette lokalet står tomt. Under synfaringa vart det informert om at kjellaren verken er godkjent til leilegheiter eller butikk.

Sidan den ulovlege bruken er opphørt, er tilhøvet ikkje er eit brot på plan- og bygningslova. Det er difor ikkje grunnlag for å forfølge saka vidare.

Under synfaringa fekk vi opplyst om at det er eventuell nye planar for bruken av kjellaren og eventuelle bygningsmessige endringar. Som det vart opplyst om under synfaringa bør det difor gjennomførast førehandskonferanse der det vert lagt fram byggeplanar for kjellaren. Kommunen vil då orientere om føresegner og krav som er relevante for byggeplanane. Det vert i den samanheng synt til at føremålet med å halde førehandskonferanse er å belyse aktuelle problemstillingar, krav og føresetnader.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar byggjesak

Margit Rimeslaatten  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Kopi til:**  
NAV Lindås

Kvernhusaugane 5914  
2

ISDALSTØ